



AV TUVA BJØRKVOLD, FORFATTAR, RESSURSLÆRAR  
FOR NYSGJERRIGPER OG HØGSKOLELEKTOR I  
NORSK VED HØGSKOLEN I OSLO OG AKERSHUS

## Kvifor Lesekrok i Nysgjerrigper?

Lesing er ei av fem grunnleggjande ferdigheiter som er innførte med Kunnskapsløftet. Lesing er ikkje lenger noko som berre er norsklæraren sitt ansvar. No er alle lærarar leselestrarar. Men kva betyr det eigentleg i praksis? Korleis kan ein jobbe med lesing i alle fag?

Det viktigaste elevane kan lære, er at dei ikkje alltid skal lese på same måten. Å leite etter fakta i ein tekst krev ei anna form for lesing enn det å lese for underhaldninga si skuld. Derfor må elevane få eit verktoy til å lese på ein formålstenleg måte, og få med seg det dei les.

Med Lesekroken vil Nysgjerrigper gi tips til korleis tekstane i Nysgjerrigper-bladet kan brukast til å auke lesekompetansen hos elevane. Til kvart blad får du ei ny utgåve av Lesekroken med utgangspunkt i ein av artiklane i bladet.

Lesekroken består av tre typar oppgåver. Den eine går på ein lesestrategi, den andre går på å lese mellom linjene (detektivlesing). I tillegg blir det ei oppgåve som tek i bruk andre innfallsvinklar. Kvar gong blir det ei kort teoretisk tilnærming til kvifor oppgåvene er laga som dei er.

UNDERVISNINGSSOPPLEGG TIL ARTIKKELEN «DINOSAUR PÅ KOKEPUNKTET» I NYSGJERRIGPER NR. 2-12

## Kva er ei god overskrift?

Overskrifta er noko av det fyrste ein legg merke til ved ein tekst, kanskje nest etter bileta. Overskrifta har to hovudfunksjonar. For det fyrste bør tittelen vere appetittvekkjande. Han skal freiste lesaren til å gå vidare, la blikket gli rundt og hamne på brødteksten. Å fengje og fange lesaren er avgjerande. Viss ikkje, finn lesaren heller noko anna å gjere. Dette gjeld særleg tekstar ein ikkje må lese, som til dømes artiklar i eit blad, eller bøker ein skal velje blant på biblioteket. Lærebøker er i ei særstilling. Der er det ofte ikkje spørsmål om ein blir pirra av overskrifta, elevane må lese dei likevel.

For det andre skal overskrifta seie noko om kva teksten handlar om. Lesaren skal få ein idé om kva som står der, så ho sjølv kan aktivere forkunnskapane sine. Tittelen må ikkje seie alt, men vere nok til å kople folk på rett spor. Då kan lesaren ta med seg eigen kunnskap og egne erfaringar når han eller ho skal skjønne teksten. Det gjer lesinga lettare. Dette inneber også at skrivaren ikkje treng ta med sjølvsegde poeng, dei tek lesaren med seg på eiga hand.

I arbeidet med overskrifter på elevsida skal elevane aktivere egne forkunnskapar ved å sjå nøyare på overskrifta «Dinosaur på kokepunktet». Vidare skal dei lese teksten, vurdere om overskrifta var treffande, og sidan foreslå noko anna. Det kan vere ein idé å samle overskrifter i ulike grupper og stemme fram den beste i klassa. Nytt gjerne desse kriteriana i drøftinga: Overskrifta skal gje lyst til å lese og seie noko om innhaldet.

Fasit oppgåve 3, «Kople overskrift og tema»

A = II, B = IV, C = I, D = III



FOTO: SCANPIX/SPL



## Om Nysgjerrigper

Nysgjerrigper er Forskningsrådet sitt tiltak for elevar og lærarar i barneskulen. Hovudmålet er å oppmuntre barn og unge til å ta vare på og dyrke nysgjerrigheita, forskartrongen og fantasien sin. Nysgjerrigper vil auke interessa for forskning og vitskap – og håper fleire unge menneske vel forskning som karriereveg.

I tillegg til eit eige vitskapsmagasin inkluderer tiltaket nettstad og ulike lærartilbod – blant anna rettleiing i korleis barn kan arbeide med eit forskingsprosjekt.

Les meir om tilboda og aktivitetane i tiltaket på [nysgjerrigper.no](http://nysgjerrigper.no)





## Oppgaver til «Dinosaur på kokepunktet»

### 1. Kva bør overskrifta vere?

Jobb i gruppe.

- Les overskrifta «Dinosaur på kokepunktet». Kva trur de artikkelen handlar om?
- Les artikkelen.
- Vurder om overskrifta var god eller ikkje:
  - Fekk du lyst til å lese?
  - Skjønte du noko av innhaldet før du begynte å lese?
- Lag forslag til ei anna overskrift.
- Stem over den beste overskrifta i gruppa.

### 2. Detektivlesing

- Kvifor trudde forskarane tidlegare at langhalsane hadde høgare kroppstemperatur enn 40 °C?
- I ingressen står det at forskarar har klart å måle temperaturen på dinosaurar. Stemmer dette? Grunnlegg svaret.
- Kven av langhalsane på biletet ville du ha vore? Grunnlegg svaret med argument frå teksten.

### 3. Kople overskrift og tema

Jobb i par.

Til venstre er det fire overskrifter frå bladet og hovudtema frå desse artiklane.

- Prøv å kople overskrift til tema, berre ved å gjette.
- Leit i bladet og finn løysinga.

Overskrift	Hovudtema i artikkelen
A: «Ser med hele kroppen»	I: Justervesenet
B: «På besøk hos Timon»	II: Kråkeboller har lysfølsomme nerveceller på føttene.
C: «Så godt som helt nøyaktig»	III: Hos muriqui-apene har eldre hoer rangen
D: «Mamma veit best»	IV: Kvardagen til ein surikatfamilie